

Informasjon til heimane om fråvær

Søknadar som gjeld fri for inntil 3 dagar vert handsama av kontaktlærar. Søknadar som omfattar meir enn tre dagar, vert handsama av rektor.

Ein skriftleg søknad må koma skulen i hende i god tid (minst 14 dagar) før fråvær.

For å få permisjon etter opplæringslova § 2-11, må det leggjast til grunn ein søknad som er godt grunngjeven.

Opplæringslova § 2-11

“Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.”

Skjema for å søkje om elevpermisjon og skjema for fråvær som ikkje skal førast på vitnemålet kan ein få av skulen (ligg på ungdomsskulane sine heimesider).

Føring av fråvær i grunnskulen

Forskrift til Opplæringslova § 3-41 omhandlar føring av fråvær i grunnskulen.

“Frå og med 8. trinn skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Eleven eller foreldre kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven legg fram dokumentasjon på årsaka til fråværet. Døme på slikt fråvær kan vera tannregulering.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggja fram dokumentasjonen av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skuledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført:

- a) Dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar*
- b) Innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.*

For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a) ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggja fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vara meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert fråvær etter bokstav a) på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.”

26.01.16

Kommunalsjef

Nils Erik Eide